



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Steigedal, 71 25 81 20

Skodje kommune - verneframlegg av skogvern ved Ørnakken naturreservat

Fylkesmannen melder i samsvar med naturmangfaldlova § 43, forslag til verneforskrift og vernekart for utviding av Ørnakken naturreservat. Området ligg rundt **Haugtjørna** aust for eksisterande skogreservat i Skodje kommune.

Verneframlegget gjeld eit område der størstedelen av arealet er biologisk verdfull skog og inngår i ordninga for friviljug vern. Verneplanarbeidet skjer med grunnlag i vedtak i Stortinget om å auke skogvernet og er såleis ein del av Regjeringa si satsing for meir skogvern.

Tilbodet om vern kjem frå grunneigarane på gnr./bnr.: 29/1, 29/4, 29/5, 29/6, 29/7, 30/1 og 30/2 i Skodje kommune. Det omfattar eit areal på ca. 231 daa, og samla areal kan etter dette bli om lag 4452 daa.

Oppstartsmeldinga vart sendt ut lokalt ved brev av 30.04.2018 og kunngjort i lokale aviser. Fylkesmannen har no laga eit forslag til verneforskrift. Dette verneplanframlegget er no på høyring. Formålet med denne høyringa er å presentere forslaget til grenser og verneforskrift.

Hovudformålet med vern er å sikre eit biologisk verdfullt skogsområde som ein del av naturarven. Eit vern som naturreservat inneber den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og konsekvensen er eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet. Det er likevel ikkje restriksjonar mot til dømes allmenn ferdsel, beiting eller jakt etter viltlova.

Det naturfaglege kunnskapsgrunnlaget er basert på naturtypekartlegging gjort av Dag Holtan i 2011, kartlegging av kystfuruskog ved Miljøfaglig utredning i 2015.

Verneframlegget omhandlar eit område som er del av ein stor, variert og samanhengande gammal furuskog. Det inneheld trua og sjeldan natur knytt til temperert kystfuruskog (sterkt trua – EN) og har ein regional til nasjonal verdi (4).

Området for utvidinga ligg høvesvis nord og sør for Haugtjørna. I aust grensar området til Svortahaugen og i vest ligg eksisterande naturreservat.



Nordlege del har eit granplantefelt på om lag 4 dekar. Elles er det spreidde førekomstar av gran. Området inneheld fattigmyr og kystfuruskog med innslag av einer og daud ved.

Den sørlege delen av området er ein kontinuerleg forlenging av kvalitetane i det eksisterande naturreservatet med kystfuruskog. Her er det ikkje funne førekomstar av gran, og naturtypane blåbær- og bærlyngskog dominerer. Skogen er gammal og alderen på furu er høy, og furutrea har ofte grove dimensjoner. Det er også eit bra innslag med daud ved her, som til dømes trefall etter nyttårsorkanen. Gubbeskjegg (NT) veks rikeleg på gammal furu. Fuglar som er registrerte her er hønsehauk (NT), kvitryggspett og storfugl. Det er lite påverkingar i dette området og skogen har hatt ei lang og god utvikling. Det har tidlegare vore utmarksbeite her og det finst enkelte einerar med søyleform.

Ei utviding i aust vil forsterke naturverdiane i det eksisterande verneområdet og naturkvalitetane vil slik sett auke i omfang og verdi.

Dette brevet med oversiktskart og verneforskrift er lagt ut på fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringar». Høyringsfråsegner sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde. Fråsegner kan også sendast elektronisk til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no.

Høyringsfristen er 01.06.2019.

På bakgrunn av høyringa, vil fylkesmannen lage ei oppsummering og oversende verneframlegget med ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet vil utarbeide ei tilråding til Klima- og miljødepartementet. Vedtak om vern vert fatta av Regjeringa gjennom vedtak av Kongen i statsråd. Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalane. Fylkesmannen får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå fylkesmannen om grensegang og merking.

Melding om høyring av verneframlegg vert kunngjort i Sunnmørsposten og Bygdebladet 25.03.2019.

Med helsing

Ola Betten (e.f.)
fagansvarleg

Hege Steigedal
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Skodje kommune - kart av skogvern ved Ørnakken naturreservat
- 2 Skodje kommune - verneframlegg av skogvern ved Ørnakken naturreservat med forskrift



Kopi til:

MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
ALLSKOG SA	Ingvald Ystgaards veg 13A	7047	TRONDHEIM



Mottakrarar:

Snorre Sortehaug	Øvre Kipperberget 23	6030	Langevåg
Regine Bruteig	Håemshøgda 13	6260	Skodje
NORSK BOTANISK FORENING	Postboks 1172 Blindern Naturhistorisk museum	0318	OSLO
UNIVERSITETET I OSLO NORGES NATURVERNFORBUND	Postboks 1072 Blindern Mariboës gate 8	0316 0183	OSLO OSLO
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
NORGES TEKNISK- NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
DEN NORSKE TURISTFORENING	Youngstorget 1	0181	OSLO
NTL VEG REGION MIDT- 4504	v/ Statens vegvesen Statens hus	7468	TRONDHEIM
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I MØRE OG ROMSDAL	Idrettsvegen 2	6413	MOLDE
SKODJE KOMMUNE NORGES SKOGEIERFORBUND	Rådhuset Nihusvegen 1 Postboks 1438 Vika	6260 0115	SKODJE OSLO
NORGES BONDELAG NHO REISELIV NATUR OG UNGDOM NORGES LUFTSPORTFORBUND	Postboks 9354 Grønland Postboks 5465 Majorstuen Postboks 4783 Sofienberg Møllergata 39	0135 0305 0506 0179	OSLO OSLO OSLO OSLO
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD NATURVERNFORBUND ET I MØRE OG ROMSDAL	Postboks 3021 Lade c/o Øystein Folden Rasta 4	7441 6630	TRONDHEIM TINGVOLL
Nils Jarle Ytreberg NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Kloptjernveien 9 Sandgata 30B	3014 7012	Drammen TRONDHEIM
NORSK INDUSTRI NORGES ORIENTERINGS- FORBUND	Postboks 7072 Majorstuen Postboks 5000	0306 0840	OSLO OSLO



NORGES	Stortingsgata 30	0161	OSLO
FJELLSTYRESAMBAND			
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
Finn Bruse Salkjelsvik	Furmyrvegen 9 D	6018	Ålesund
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
NIBIO - NORSK	Postboks 115	1431	ÅS
INSTITUTT FOR			
BIOØKONOMI			
FRILUFTSRÅDENES	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
LANDSFORBUND			
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
NORSK	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
BIOLOGFORENING			
(BIO)			
NORDVEST NETT AS	Elling O. Wallbøes veg 12	6240	ØRSKOG
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
NORSK ORGANISASJON	c/o Tore B Lundemo	1341	SLEPENDEN
FOR TERRENGSYKLING	Åsløkkveien 24		
NORSK ZOOLOGISK	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
FORENING			
NTL KOMMUNAL- OG	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
MODERNISERINGSDEP			
ARTEMENTET			
Lars Inge Flåte	Ålesundsvegen 2221	6260	Skodje
UNIVERSITETET I	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
TROMSØ - NORGES			
ARKTISKE UNIVERSITET			
NORGES MILJØ- OG	Postboks 5003	1432	ÅS
BIOVITENSKAPELIGE			
UNIVERSITET (NMBU)			
SABIMA	Mariboës gate 8	0183	OSLO
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NORGES	Postboks 593	5806	BERGEN
MILJØVERNFORBUND			
NORGES	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
HANDIKAPFORBUND			
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN



NTL VEG VEGDIREKTORATET	Brynsengfaret 6A	0667	OSLO
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
MØRE OG ROMSDAL BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Stein Asle Brubæk Brakstadstranda 345	6636	ANGVIK
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND MØRE OG ROMSDAL	Skaret	6422	MOLDE
Hans Kristian Flaate	Flåtevegen 30	6260	Skodje
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
MØRE OG ROMSDAL SAU OG GEIT	c/o Marianne Elisabeth Eltvik Rodalsvegen 250	6686	VALSØYBOTN